


Varsel om oppstart av Detaljregulering for Orstad B4

Asplan Viak AS varslar oppstart av Detaljregulering for Orstad B4, planID 2025001.



Området er ca. 18 daa, og er avgrensa av Spovevegen i sør, gang- og sykkelveg i øst og vest, og bekken ved Vesleforen i nord.

Formålet med planen er å realisere delfelt B4 i områdeplan Orstad (planID 3380), vedtatt 12.05.2014. I tråd med områdeplanen vil området regulerast til bustadar med tilhøyrande uteoppholdsareal, grønstruktur, leikeareal, interne vegar, parkeringsareal og teknisk infrastruktur.

Hensikta med å varsle igangsetting av reguleringsarbeid

Alle berørte partar skal få mogelegheit til å uttale seg til nyleg påbegynt reguleringsarbeid. Hensikten med å varsle igangsetting av reguleringsarbeidet, er å få innspel og opplysningar om området, slik at ein kan få grunnlag til å utarbeide planen. Detaljane kjem seinare i planprosessen. Når eit komplett forslag til reguleringsplan er klart, vil planen bli lagt ut på offentleg ettersyn. Berørte partar vil då få ny anledning til å uttale seg til planforslaget før endeleg vedtak i saken.

I samsvar med plan- og bygningsloven § 17-4 blir det og varsla at det blir forhandla fram utbyggingsavtale parallelt med reguleringsplanarbeidet.

Klepp kommune har som ansvarleg planmyndigheit vurdert at planarbeidet ikkje kjem inn under Forskrift om konsekvensutredninger.

Oppstart av planarbeidet blir varsla i annonse i Jærbladet 07.08.2026. Varselet kan du sjå på Klepp kommune si heimeside, [klepp.kommune.no/reguleringsplanar](https://www.klepp.kommune.no/reguleringsplanar), eller ved å gå inn på www.klepp.kommune.no under «Meny» → Politikk og innsyn → Planar → Reguleringsplanar → Oversikt over pågåande planarbeid og vedtekne planar. Her finn du fleire dokument, mellom anna Planinitiativ med stedsanalyse. Planarbeidet blir også varsla på Asplan Viak sin heimeside, <https://www.asplanviak.no/kunngjoringer>.

Dette brevet blir sendt til grunneigarar, naboar og offentlege instansar. Vi ber om at grunneigar vidareformidlar informasjonen til eventuelle leigetakarar eller rettshavarar.

Synspunkt/merknader kan sendast til fredrik.jensen@asplanviak.no med kopi til postmottak@klepp.kommune.no eller Klepp kommune, Bedriftsvegen 4, 4353 Klepp stasjon, innan **03.09.2026**. Skriv «**Uttale PlanID 2025001**» som overskrift for å sikre at uttalen blir arkivert i rett sak.

Alle merknader blir referert og kommentert i saksutgreiinga til hovudutval for samfunn og kultur og kommunestyret, og det vil derfor ikkje gis skriftleg tilbakemelding til den enkelte.

Når forslaget til reguleringsplan er utarbeidd skal det behandlast politisk i hovudutval for samfunn og kultur.

Saksframlegg med vedlegg som skal til politisk behandling, vil bli lagt ut ei veke før møtet på www.klepp.kommune.no under «Meny» → POLITIKK OG INNSYN → Møtekalender og politiske saksdokument → Møtekalender → Hovudutval for samfunn og kultur. Klikk på aktuell møtedag for å få fram saksliste.